

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
362.0	Knut Øyjordet	04.03.21	7/21

**SØKNADER OM GJERDING RUNDT FRITIDSHYTTER***Saksdokument:*

1. Sakene 24/20 og 35/20 i fjellstyret.
2. Søknader til Statskog om gjerde rundt hytter (frå Ådne Bakke, Mads Thørud, Jarle Michalsen, Arvid Jordet og Øyvind Bergli).

*Saksutgreiing:*

Fjellstyret har i sakene 24/20 og 35/20 gjeve uttale ang. reglar for gjerding rundt fritidshytter. Bakgrunnen var at Statskog har foreslått reglar for gjerde rundt fritidshytter i Langmorkje statsallmenning. I tillegg har kommunen gjennom behandling av reguleringssplanar for ulike hyttefelt i seinare år, samt revisjon av kommuneplanens arealdel i 2017, fastsett reglar/retningsliner for gjerding rundt hytter. I saksutgreiinga i sak 24/20 står det ein del om historikken ang. reglar for gjerding rundt hytter, samt forslaget frå Statskog og dei kommunale reglane/retningslinene. Fjellstyret fatta følgjande vedtak:

*Når det gjeld reglar for gjerding rundt fritidshytter, så viser fjellstyret til tidlegare vedtak og meiner det generelt må vera strenge reglar for gjerding rundt hytter både i og utanom regulerte område. Løyve til inngjerding bør berre skje i område med beitedyr, og unntaksvise også for å skjerme seg mot «vær og vind». Eit gjerde for å skjerme seg mot storfe må vera eit viktigare argument for inngjerding enn mot sau, men fjellstyret ser også behovet for å kunne gjerde inn område rundt ei hytte mot sau.*

*Fjellstyret registrerer nå at Statskog foreslår reglar som samsvarer med retningslinene i kommuneplanens arealdel og som allereie er vedteke for enkelte regulerte hytteområde. Dette gjeld spesielt å kunne akseptere lengde på gjerde opp til 50 meter. Fjellstyret er einig i at det vil vere ein stor fordel at kommunen og Statskog «opererer» med like reglar. Fjellstyret meiner difor at 50 meter med gjerde bør kunne tillatast rundt hytter i enkelte område der omfang av beitedyr på utmarksbeite er stort, og spesielt der det blir beita med storfe. Men før fjellstyret tek endeleg stilling til dette, vil fjellstyret sende forslaget på høyring til beitelaga og faglaga.*

*Fjellstyret meiner at eit gjerde rundt ei fritidshytte må vera festa i vegg eller veranda i både endar.*

I sak 35/20 fatta fjellstyret følgjande vedtak:

*I forslaget frå Statskog om reglar for gjerde rundt fritidshytter i Langmorkje statsallmenning, viser fjellstyret til vedtak i sak 24/20. Fjellstyret har gjennomført ei høyring blant beitelaga og faglaga, og det har ikkje kome merknader på fjellstyret sitt vedtak.*

*Når det gjeld detaljar omkring reglar for gjerde, ber fjellstyret Statskog om å tilpasse reglane med kommunen sine reglar i kommuneplanens arealdel.*

*Fjellstyret vil etter kvart i høyring av behandling av enkeltsøknader, foreta ei «sonering» av statsallmenningen, dvs. kva for område det bør tillatast at hyttefestarar kan få sette opp gjerde på inntil 50 meter, og kva for område det ikkje bør tillatast gjerde på inntil 50 meter.*

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstylene.no

*Dette har samanheng med omfang av beitedyr på utmark, som er svært ulikt frå område til område i Langmorkje, og som også kan endre seg over tid. Fjellstyret kan allereie nå signalisere at ein generelt vil sjå positivt på gjerde med inntil 50 meter i området det er størst omfang av beitedyr i utmark.*

Statskog har i løpet av siste året mottatt fem søknader frå hyttefestarar om å gjerde inn rundt hytta, tre av dei i regulert område ved Lemonsjøen, dvs. Ådne Bakke, Jarle Michalsen og Mads Thørud. Ein har hytte ved Flatningen (Arvid Jordet) og ein ved Øvre Sjodalsvatnet (Øyvind Bergli, som søker på vegne av Sigurd Vistekleiven). På fjellstyret si synfaring i juni i fjor vart det ein stopp ang. søknaden til Ådne Bakke, der han orienterte om søknaden og grunngjevinga for å gjerde inn (søker om ca. 40 meter inngjerding). Jarle Michalsen og Mads Thørud søker om inntil 50 meter inngjerding, Arvid Jordet om ca. 52 meter og Øyvind Bergli om 35 meter. Dei fleste har lagt ved bilde og-/eller skisse over «trase» for gjerde. Alle ønsker å skjerme hovudhytte, «inntunet» og med eventuelt andre bygg på hyttefeste der det ligg til rette for det pga. beitedyr som oppheld seg inntil bygningane.

#### *Vurdering:*

Fjellstyret vedtok på førre møte om gjerding rundt hytter at ein ville foreta ei «sonering» av statsallmenningen i behandling av enkeltsøknader, og sjå dette opp mot omfang av beitedyr i utmark. Fjellstyret har også vedteke at 50 meter med gjerde rundt ei hytte bør kunne tillatast i enkelte område der omfang av beitedyr er stort, og spesielt der det blir beita med storfe. Vi veit at i enkelte område som t.d. ved Lemonsjøen, har det i dei seinare åra vorte eit «bra» omfang av storfe på utmarksbeite, og som tidvis held til blant hytter, både i- og utanfor dei regulerte hyttefelta. Dette skapar fort misnøye og konfliktar, og er årsak til det nå føreligg tre søknader her.

I Lemonsjøområdet bør det nå generelt bli opna for å kunne gjerde inn inntil 50 meter rundt hytter, både innafor og utafor regulerte hyttefelt. På «Heimfjellet» elles, framover frå Lemonsjøen og mot Synstlie, og i Flatningen-/Melingen-området, er det også bra med beitedyr i utmark, både storfe og sau, og truleg i enkelte område i same omfang som ved Lemonsjøen. Men det kan kanskje vera greitt med ei synfaring knytt til søknaden frå Arvid Jordet, og med framskaffing av meir fakta om omfang av beitedyr i m.a. Flatningen-/Melingenområdet, før det blir teke stilling til «sonering» av «Heimfjellet» utanom Lemonsjøområdet. Det same med Sjodalen.

#### **Innstilling til vedtak:**

I behandling av søknader frå fem hyttefestarar om inngjerding rundt hytter, så viser fjellstyret til vedtak i sakene 24/20 og 35/20. Fjellstyret meiner at det i Lemonsjøområdet generelt må kunne tillatast å gjerde inn inntil 50 meter rundt hytter, både innafor og utafor dei regulerte hyttefelta. Dette fordi det er eit bra omfang av beitedyr på utmarksbeite her, både storfe og sau. Fjellstyret har difor ingen merknader til at dei tre hytteeigarane ved Lemonsjøen som har søkt om inngjerding, får løyve til dette. I eit eventuelt løyve frå Statskog, må detaljar omkring reglar for gjerde, vilkår osv. tilpassast kommunen sine reglar i kommuneplanens arealdel. Løyve til inngjerding i regulerte hytteområde må også vera innafor rammene i reguleringsføresegner.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Når det gjeld søknaden frå Arvid Jordet om gjerding rundt hytte ved Flatningen, og frå Øyvind Bergli for gjerde rundt hytte ved Øvre Sjodalsvatnet, så vil fjellstyret ta stilling til desse søknadene og dette med «sonering» av dei aktuelle områda etter ei synfaring på forsommaren.

**Vedtak:**

Samrøystes: Som innstillinga.

*Rett utskrift. Går til:*  
Statskog v/Hilde Hammer

*Kopi til:*  
Vågå kommune

Vågåmo, 05.03.21

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no